

STORD KOMMUNE

5417 STORD

Dato: 18.10.2016
Vår ref.: 2014/673-280
Saksbehandlar: eliwarr
Dykkar ref.:

Att. Guri Andresen Aksnes

Søknad om midlar til revidering av kulturminneplan på Stord 2016 - Løyving av tilskot kr 100 000,-

Vi viser til søknad dagsett 26.08.2016 om kr 100.000,- i stønad til revidering av kulturminneplan i Stord kommune og til føring av prioriterte kulturminne i Askeladden.

Søknaden vart politisk handsama av Utval for kultur, idrett og regional utvikling i møte den 12. oktober 2016 i sak PS 136/2016. Utvalet vedtok å gje eit tilskot på kr 100.000,- av fylkeskommunale midlar frå budsjettpost 10.400.735.84 til Stord kommune for revisjon av kulturminneplanen

Informasjon om samarbeidstiltak

I prosjektet *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016* samarbeider Hordaland fylkeskommune i nettverk med kommunane og musea for å utvikle felles kulturminnekompetanse. Vi vil sende ut informasjon om felles aktiviteter (samlingar, kurs mv) og ser fram nærare kontakt med kommunen dei neste åra. Vi tek gjerne i mot innspel om kva kommunen treng for å gjennomføre og ferdigstille kulturminneregistreringar og planarbeid. Vår kontaktperson er seniorrådgjevar Elizabeth Warren - eliwarr@hfk.no

Vilkår for løyvinga

Det vert stilt krav om:

- Innlegging av prioriterte kulturminne i kommunen i Askeladden
- Politisk handsama revisjon av kulturminneplan
- Rapportering til fylkeskommunen om framdrift innan 01.09.2017 og utført arbeid innan 31.12.2017.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale mv skal det gjerast tydeleg at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. Dokumentasjon av dette skal leggest ved rapport.

Kommunen pliktar å underrette fylkeskommunen skriftleg dersom prosjektet ikkje kan gjennomførast etter planen. Fylkeskommunen tek atterhald om at midlane kan krevjast tilbake, heilt eller delvis, dersom prosjektet ikkje vert gjennomført etter føresetnadene.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med

dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontroll

Fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll.

Utbetaling - Krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015.

Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som Leverandør då dette er ei utbetaling. For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune.

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentleg forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015.

Dette kan gjerast på to måtar:

1. For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.
2. For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse. *Link til fakturaportal* <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>
Link til brukarretteiing <http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarretteiing%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2014/673-280

Ressursnummer: 400005

Beløp: kr 100.000,-

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og behandla EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer.

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.